




3 alternative fotturar i Røldalsområdet.

3 alternative walks in the Røldal area.



Tur til Austdalen.

Foto: Dagny Erdal Seim.

Rute og ymse av interesse

Alt. I: Røldal sentrum - Austdalen

Terrang: Turveg og sti, stigning første del, kupert.
Tid: 1 1/2 - 2 timar

Me startar turen rett over vegen ved Røldal Handelslag (15). Her går ein bratt gangsti opp, og me tar til venstre på bilvegen litt lenger oppe. Etter ca. 100m ser ein eit skilt og ei karttavle på høgre side. Her begynner stien. Det første stykket går nokså bratt gjennom litt krattvegetasjon. Etter ca. 50m går me gjennom ei grind og held fram oppover til me kjem inn på ein tydeleg og brei turveg, som me så følgjer oppover. Dette er DNT si rute som går frå Røldal til Middalen, og den er merka med raude T-er.

På Hovdavløta (14) er den verste stigninga unnagjort og ein kan snu seg og nyte den vakre utsikten over bygda og vatnet. Etter eit lite, flatt parti kjem me forbi ein stor stein - Huldrestein. Her blir det fortalt i ei gamal segn at ei budeie kom frå stølen med rjome, ved steinen vart ho «kvekt» av ei hulder og sprang heile vegen til bygda. Då ho kom fram var, rjomen blitt til smør.

Me held fram forbi Austdalsjuvet, og ser den fine fossen «Mjølåna» (13) på andre sida av dalen. I Austdalen (12) ligg det to stølar som vart brukt fram til 50-åra som sommarstølar for gardar i bygda. I Austdalen passsar det med ein rast før ein går ned igjen den same vegen.

Ein **alternativ retur** kan vera på andre sida av Austdalsjuvet. Det er ein lenger tur, med **bratt nedstigning, mindre eigna for barn og uvante turgåarar**. Stien er merka.

Alt. II: Hagen - Bråstøl.

Terrang: Frå Hagen følgjer ein den gamle vegen som i dag minner meir om ein sti, med jamn stigning frå Dalen til høgaste punktet ved Jarbredne. Herfrå nedstigning til Valldalsvegen som ein følgjer til Bråstøl. (Turen kan og tilrådest å gå den motsette vegen, frå Bråstøl/Ysteriet)
Tid: 2 1/2 timar (bussruter for retur)

Route and places of interest

Alternative I: Røldal village - Austdalen

Terrain: Trail and footpath in broken country, uphill at first.
Time: 1 1/2 - 2 hours

We approach this walk from across the road by Røldal Handelslag (15) where a steep path goes up to another road. Turn left and proceed 100 metres to a signboard and a map on the right hand side. This is where the walk starts.

The first part goes through copses and brush and after 50 metres there is a gate beyond which you find a broad and well-defined trail. The trail is marked with red T's, indicating that it is maintained by the Norwegian Touring Association. This particular trail goes from Røldal to Middalen.

Most of the climb is over at Hovdavløta (14) and you can turn around and enjoy the view of the village and lake. After a short, level stretch, you pass a large boulder - Huldrestein. The legend tells of a milkmaid who came from the mountain shealing with a container of sour cream. By the rock she was frightened by a Hulder (Mythological: young troll maiden with a cows tail).

The milkmaid ran to the village so fast that the sour cream was churned to butter.

As you pass Austdalsjuvet you can see the beautiful waterfall called «Mjølåna» (13) on the other side of the valley. In Austdalen (12) there are two mountain shealings which were used for milking and pasturing as late as the 1950's. Austdalen is a good place for a rest and a bite before you return the same way.

There is an alternative route on the other side of Austdalsjuvet. This route is longer and involves a steep descent that may be a bit strenuous for children and untrained adults. The trail is marked.



Frå Hagen til Bråstøl gjeikk den gamle ferdavegen mellom vest- og austland. Den nye køyrevegen frå Hardanger om Røldal til Telemark var under bygging både frå aust og vest frå 1860-talet av, siste del stod ferdig i 1880-åra.

Parkering: Merka parkeringsplass ved Røldal Handelslag.

Følg vegen/fortauet oppover langs riksvegen til endes i Hagen austre (1). *Alternativt, ved t.d. skyss, kan ein kome direkte til Hagen, eller ein kan starte turen ved avkøyrsla i Dalen (2).*

Frå endepunktet for fortauet går stien opp gjennom tunet i Hagen austre (1) før den snor seg austover i bratt helling ovanfor den nye vegen fram til Dalen.

Ved alt. start frå avkøyrsla i Dalen (2) følgjer me ein merka stikkveg opp på den gamle ferdseksåra frå Hagen til Bråstøl.

Vegen fører i god stigning oppover dalen til Frøystøl (3). Her er ein geitastøl som framleis er i drift. Moderne utstyr for ysting er montert i mjølkehuset. Er ein heldig kan det bli ein brunost å få kjøpe.

Like før ein når høgste punktet på vegen mot Bråstøl, passerer vi eit myrlandt område med namnet Jarbredne (4). Namnet kjem av «jarn» og «bre(d)ne» som tyder stad der jarn vart smelta. Myrmalm vart utvunne her er i eldre tider.

Litt aust for høgaste punktet på vegen, på tur ned mot garden Nyastøl, ligg nokre store steinar tett inntil vegen. Nedanfor steinane er det eit djupt dalsøkk som fører ned mot riksvegen og Storelva nedanfor Nyastøl. Namnet på steinane og dalsøkket er Kasteberg (5) og Kastebergsdokka. Det er fortalt at folk som skulle til Røldalsmarknaden i eldre tider, kasta mynt her for å finne ut om dei ville gjere det godt på marknaden. Dersom kastet viste mynt, ville dei gjere ein god handel.

Vegen fører ned ovanfor garden Nyastøl (6). Her kan ein og sjå det nedlagde Røldal Ysteri (7) nede ved riksvegen. Ysteriet var i drift til midten av 1960-åra, men då avtok stølinga monaleg, m.a. vart Valldalen, der storparten av mjølka kom frå, sett under vatn i samband med kraftutbygginga.

Me følgjer den gamle vegen ovanfor Nyastøl til me kjem til den første bekken, Ljosåna, som kryssar vegen. Langs bekken tek me oss ned på Valldalsvegen like nedanfor og som me følgjer fram til Bråstøl gard og turisthytte (8).

Alt. III: Bråstøl - Austdalen - Røldal.

Terreng: Utmark, tydeleg sti det meste av turen. Litt stigning i starten, etter kvart litt lettare, og til sist berre unnabakke. Turen startar ved 650 m.o.h., går opp til ca. 900m og endar i Røldal, ca. 420 m.o.h.

Tid: Ca. 2,5 timar.

Turen går rett opp lia frå Bråstøl (8) i retning av eit tydeleg skar i terrenget, Oksestøl-leitet. Denne første delen er stien berre delvis synleg, men det er greitt å ta seg fram, sidan ein går i same retning mot eit tydeleg punkt.

Ved Oksestøl-tjødna (9) er den tyngste delen unnagjort. Herifrå er det også for det meste synleg sti, men vegen er også merka. Litt forbi høgaste punktet møter ein stien (10) som fører frå Røldal til Valldalen, d.v.s. DNT's rute til Middalsbu. Etter å ha fylgt stien rett fram (unnabakke) eit lite stykke, kan ein sjå rester av svært gamle «stakkastøer». D.v.s. oppstøtting av stein ved lagring av utmarkshøy.

Vår tur svingar no mot venstre med lett unnabakke, delvis flat veg og iblant litt kupert med ein mindre stigning ved Sporanshedler (11). Straks etter ser ein husa i Austdalen (12). Her er det verdt ein liten stans for å ta bilete av gamle stølsbuer.

Vidare følgjer ein no ein gamal stølsveg langs med elvejuvet forbi Mjølåna (13) som fossar fint utover på andre sida av dalen. Ved Hovdaflåta (14) opnar terrenget seg, ein ser Røldalsvatnet og ein del av bygda. No er det litt bratte kneikar nedover, og like før ein kjem fram til ei grind ved Einerhaug, tek ein av til venstre ned bakken. Då er du straks framme ved Handelslaget.

Alternative II: Hagen - Bråstøl.

Terrain: From Hagen you follow the old road, which climbs very evenly all the way past Dalen to the highest point at Jarbredne. From here you descend to Valldalsvegen/road. (*This walk is just as fine the other way, starting from Bråstøl/Ysteriet.*)

Time: 2 1/2 hours (bus-schedules are available for the return).

Parking at Røldal Handelslag.

Follow the road/pavement along the main road to Hagen austre (1). *As an alternative, and provided you arrange transportation, you can start in Hagen or at the junction in Dalen (2).*

From the end of the pavement the path leads up through the hamlet of Hagen austre (1) and winds eastward along a steep mountainside above the new road to Dalen.

If you chose to start from the junction in Dalen (2), take a posted shortcut up to the old road and proceed from Hagen to Bråstøl.

The trail climbs the valley to Frøystøl (3), where there is a mountain shealing and pastures for goats still being used. Modern equipment for cheese making is installed and if your timing is right you may be able to buy some brown goat-milk cheese.

Just before the highest point on the road to Bråstøl there is a wetland area called Jarbredne (4). The name is derived from -jarn (iron) and brenne (burn or smelt). Bog iron was extracted here in the old days.

A short distance east of the highest point as you descend to the farm Nyastøl, there are some large rocks and a steep ravine near the road which are called Kasteberg (5) and Kastebergsdokka respectively. «Kast» means «throw», and the story goes that traders on the way to the market in Røldal threw «heads or tails» here to see how they would do at the market. «Heads» meant profitable trading.

The trail now goes down above farm Nyastøl (6) and you can see the old Røldal Dairy (7) down by the main road, abandoned in 1965.

Take the old road above Nyastøl to the first brook that crosses the road. This brook is called Ljosåna, and you follow it down to Valldalsvegen (road) just below. Follow Valldalsvegen to the left to Bråstøl Farm and Tourist Cabin (8).

Alternative III: Bråstøl - Austdalen - Røldal.

Terrain: Uncultivated pastures and marked trail most of the way. A bit uphill to start with but easier as you go. The last part is downhill. The trail starts at 650 metres above sea-level, climbs to 900 metres at the top and ends in Røldal at 420 metres.

Time: Approximately 2.5 hours.

The path goes up the hill from Bråstøl (8) in the direction of a clearly visible pass, named Oksestøl-leitet. This part of the trail is not marked, but there are no obstacles and you proceed in one direction towards a known and visible point.

The worst part is over when you reach Oksestøl-tjørna (9) (Literally: Bull-pasture Tarn), and from here the trail is marked. Just past the highest point the path joins the trail (10) from Røldal to Valldalen which is part of the Touring Association's trail to Middalsbu. After a short distance straight ahead and downhill you find the remnants of very ancient «stakkastøer». These were rock supports for haystacks in remote fields. Stakk (*Norse*) is the same as Stack (*Br.*).

The trail now turns to the left into broken country with some gentle downhill slopes interspersed with flat areas and even a short climb by Sporanshedler (11). Shortly after this you can see the old mountain shealings in Austdalen (12). We recommend a stop here for picture taking.

The route now follows an old mountain trail by the river canyon and past the waterfall Mjølåna (13) that can be seen on the other side of the valley. At Hovdaflåta (14) the trail enters open country and you can see Røldalsvatnet and part of the village. After some steep descents, and just before the gate at Einerhaug, turn left down the hill and you are back at Røldal Handelslag.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.